



Notat

Dato: 27.04.2015
Arkivsak: 2015/3046-3
Saksbehandlar: Iarbirik

Til: Jan Nordø
Frå: Lars Øyvind Birkenes

Søknad med konsekvensutgreiing for Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne kommunar - Fråsegn om kulturminne

INNSTILLING

- Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som lågt. Området er i stor grad påverka av utbygging frå før og røyrgrater/vassoverføringar vil i all hovudsak gå i tunnel.
- Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekket automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde
- Ein vil be om at alternativ plassering av deponi i Gaddaneskleivo ved Gaddanestjørna vert vurdert grunna ei stølstuft frå nyare tid.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjent funn av automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet for utbygging av Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad/Etne kommune. Potensial for funn innanfor tiltaksområdet er forholdsvis lite, noko også fagrapporten for kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiinga påpeikar. Røyrgrate/vassoverføring vil i all hovudsak gå i tunnel og i større målestokk er området i stor grad forholdsvis forstyrret av utbygging med damanlegg og anleggsvegar m.m. frå 50-talet og frametter. Utbygginga vil heller ikkje råka kjende kulturminne frå nyare tid direkte, med unntak av ei mindre tuft ved Gaddanestjørna der det er planlagt massedeponi. Ein vil difor be om at andre alternativ til dette deponiet, eller eventuelt anna utforming vert vurdert.

Utbygginga vil elles få liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane er knytt til eventuell visuell påverknad på nærliggjande kulturmiljø som til dømes på Nesjastøl og Bjørnabøle. Sistnemnde er alt påverka visuelt av tidlegare utbygging. Nesjastøl ligg om lag 300 meter aust- søraust for den planlagde kraftstasjonen, som vel og merka skal byggast inne i fjellet, i sørenden av Staffivatnet.